

På livets vei – Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt. Utredning frå KKD

Målet er å skapa ein god modell for forvaltning, utvikling og fornying av pilegrimstradisjonane i Norge, der ein viktig del er samarbeid med internasjonale miljøer.

Fylkesrådmannen i Rogaland er enig i at modellen som ligg til grunn for tenkinga: Her trengst ein nasjonal instans med heilskapleg ansvar for utviklinga – eit nasjonalt senter, og regionale sentra og med pilegrimsprestar knytta til desse, også i Stavanger for Rogaland sin del.

Fylkesrådmannen vil elles understreka at slik utgreinga er oppbygd gir ho eit noko uklart bilete av status for pilegrimsarbeidet i Rogaland. Arbeid som foregår i Stavanger, på Jæren i Stavanger, i Ryfylke og på Haugalandet er ganske visst nemnt. Men det vert for fragmentert. Oversyn og samanhengar forsvinn. Det gjer det vanskeleg å sjå både det som skjer, muligheter og utfordringar.

Her er store utfordringar.

Det gjeld finansiering og drift av nasjonale og regionale sentra med pilegrimsprestar.

Og det gjeld utbygging og drift av pilegrimsrutenettet.

Det kan synast som om utgreiinga legg opp til å byggja eit pilegrimsrutenett frå botnen av. Dette er sjølsagt korkje ønskjeleg eller nødvendig.

Allerede eksisterande rutenett må utnyttast i samarbeide med det påtenkte pilegrimsrutenettet.

Her i Rogaland, gjeld det for eksempel North Sea Cycle Route og Nave Nortrail (Nordsjøløypa) som alt er godt merka, innarbeidde og mykje brukte.

Desse tilboda er elles internasjonale og kan nyttast i store geografiske samanhengar.

Sambruk er særleg viktig. Innsatsen – både økonomisk og fagleg - med oppbygging av pilegrimsrutenettet må særleg setjast inn der det er lekker/tilbod. I Rogaland gjeld det særleg frå kysten inn mot Suldal og opp til Røldal.

Rogaland fylkeskommune er instilt på å samarbeida om å integrera pilegrimssatsinga i arbeidet med tilrettelegging av ruter som elle blir drive.

På økonomisk side reiser utgreiinga fleire spørsmål enn ho gir svar.

Kven skal betala kva og når, kyrkja, staten, fylkeskommunar og kommunar ?

Fylkesrådmannen gir derfor i denne omgang eit administrativt svar på utgreiinga og reknar med at ein må koma tilbake med eventuell fylkeskommunal deltaking økonomisk og fagleg etter etter kvart.

Konklusjon:

Fylkesrådmannen er enig i hovedprinsippa for utgreiinga På livets vei. Den satsinga som alt er i gang i Rogaland vert presentert for usamanhengande. Heilskapar forsvinn. Arbeidet må i størst muleg grad byggjast på samarbeid med andre ruteopplegg. Utgreiinga er for uklar økonomisk. Fylkeskommunen er interessert i samarbeid men kan først ta konkret samarbeid til dette når faglege og økonomiske rammer vert meir konkretiserte.